

---

**Fra:** Knut Martin Bjørnstad <bornisen@hotmail.com>  
**Sendt:** 11. desember 2015 08:27  
**Til:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Emne:** Re: Grensepåvising 40/35

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Til  
Meland kommune

Sidan oppmåling og utbetaling av nytta areal til vegutviding ikkje har omfatta bnr.40 gnr.35 så stiller Meland Skyttarlag spørsmål ved dette, samt kvifor sakens gang har blitt slik? Dette er på grunn av at areal nytta til vegutviding frå Myrvollane og del av veg over 16/3 og 16/4 har fått oppmåling og utbetaling.

Når vegtrasè skal utvidast så må kommunen godkjenna arealtildeling og foreta oppmåling ihht dette. Meland Skyttarlag meiner så at det her må ha skjedd ein glipp då det eksisterande grensemerket den gang blei lagt inn i vegen og det samstundes ikkje har blitt sett opp nytt grensemerke etter at vegutvidinga var ferdigstilt. Sjølv om det var Fylkesveg då arbeidet var gjort så er kommunen ansvarlig for areal tildeling og oppmåling. Når 40/35 blei skylddelt i 1980 så må det ha vore klart at grensemerket var i vegkanten, då det etter vegutviding i 84/85 var borte.

Såleis håpar Meland Skyttarlag at kommunen kan ta kostnad med ny oppmåling på dette punktet, slik at ein i framtida kan unngå problemer på grunn av uklare grensemerker sjølv om dette ikkje er viktig for Meland kommune på noverande tidspunkt. Det er likevel viktig for alle grunneigarane som grensar til dette punktet og kan seinare bli eit uklart punkt med endring/oppgradering av kommunevegen.

Helsing  
Meland Skyttarlag  
v/Knut Martin Bjørnstad

---

**From:** Knut Martin Bjørnstad <[bornisen@hotmail.com](mailto:bornisen@hotmail.com)>  
**Sent:** Tuesday, November 10, 2015 12:42 PM  
**To:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Subject:** SV: Grensepåvising 40/35

Skytterlaget held på å sjekke rundt denne saka.  
De vil høre frå oss innan tidsfristen

Helsing  
Knut Martin Bjørnstad

Sendt fra min Samsung-enhet

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Anngunn Marie Gullbrå <[Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no](mailto:Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no)>  
Dato: 10.11.2015 13.16 (GMT+01:00)  
Til: "'bornisen@hotmail.com'" <[bornisen@hotmail.com](mailto:bornisen@hotmail.com)>  
Ko: Per Atle Sæle <[per.atle.sale@meland.kommune.no](mailto:per.atle.sale@meland.kommune.no)>, Anny Bastesen  
<[Anny.Bastesen@meland.kommune.no](mailto:Anny.Bastesen@meland.kommune.no)>  
Emne: VS: Grensepåvising 40/35

Hei

Eg viser til e-posten under sendt 24. sept, der me bed om tilbakemelding på om Meland skyttarlag ynskjer gjennomføra grensepåvisinga for eiga rekning, eller om de ynskjer å trekkja saka.

Fristen for gjennomføring av saka stoppar til me får tilbakemelding frå dykk.

Saka vert liggande i ventearkiv i påvente av tilbakemelding frå dykk.

Frist for tilbakemelding vert sett til 4 veker frå dd.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
Fagansvarleg Geodata  
Tlf: 5617 1181/ 1000  
E-post: [anngunn.gullbra@meland.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@meland.kommune.no)

---

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Sendt:** 24. september 2015 10:58  
**Til:** [bornisen@hotmail.com](mailto:bornisen@hotmail.com)  
**Kopi:** Per Atle Sæle  
**Emne:** VS: Grensepåvising 40/35

Meland kommune bed også om at de kjem med tilbakemelding på om de ynskjer at rekvisisjonen av grensepåvising står ved lag, eller om de ynskjer å trekkja den.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
Fagansvarleg Geodata  
Tlf: 5617 1181/ 1000  
E-post: [anngunn.gullbra@meland.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@meland.kommune.no)



[Sjå brosjyren vår](#)

---

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Sendt:** 24. september 2015 09:44  
**Til:** 'Knut Martin Bjrnestad'  
**Kopi:** Anny Bastesen; Per Atle Sæle  
**Emne:** SV: Grensepåvising 40/35

I brevet som me sende dykk bad me dykk om å sannsynleggjera at det var kommunen som var skuld i at grensemerket til skyttarlaget sin eigedom var vekke/ fylt ned.  
De har muntleg meldt tilbake at de meiner de er slik.

Kommunen meiner at dette var ein Fylkesveg på tidspunktet utvidinga skjedde og at kommunen då overtok vegen i ettertid av dette arbeidet- ca midt på 1980-talet.  
Meland kommune tok på seg arbeidet med oppmåling og utbetaling av erstatning for utvidinga av Fylkesvegen- der dette vart krevd. Dette vart berre gjort i starten av vegen frå Myrvollane og gjaldt berre den delen av vegen som gjekk over 16/3 og 16/4. Slik oppmåling av areal til vegutviding vart rekvirert i 1983, men fullført oppmålt i 1988 og 1989.

For resten av tidlegare Fylkesveg har det ikkje vore utført grensemerking eller oppmåling.

Eigedommen 40/35 til skyttarlaget vart skylddelt i 1980 og det står då at den grensar mot Fylkesvegen.

Dette er difor ei grense som er oppretta fordi eigedommen 40/35 vart oppretta. Påvising av grensa her er ikkje viktig for Meland kommune, då heller ikkje resten av vegen her har noko eksakt grense.

I lys av dette ser ikkje kommunen det naturleg å ta kostnadane med denne grensepåvisinga slik Meland skyttarlag bed om.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
Fagansvarleg Geodata  
Tlf: 5617 1181/ 1000  
E-post: [anngunn.gullbra@meland.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@meland.kommune.no)



[Sjå brosjyren vår](#)

---

**Fra:** Knut Martin Bjørnstad [<mailto:bornisen@hotmail.com>]  
**Sendt:** 17. september 2015 15:00  
**Til:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Emne:** SV: Grensepåvising 40/35

Ok. Takk for tilbakemelding

Mvh  
Knut Martin Bjørnstad

Sendt fra min Samsung-enhet

----- Opprinnelig melding -----  
Fra: Anngunn Marie Gullbrå <[Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no](mailto:Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no)>  
Dato: 17.09.2015 13.35 (GMT+01:00)  
Til: [bornisen@hotmail.com](mailto:bornisen@hotmail.com)  
Emne: Grensepåvising 40/35  
Hei

Viser til telefonsamtale i dag. Me treng litt lengre tid for å koma tilbake til dykk med svar.

De høyrer frå oss så snart me har greidd å henta inn nokre fleire opplysningar.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
Fagansvarleg Geodata  
Tlf: 5617 1181/ 1000  
E-post: [anngunn.gullbra@meland.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*

[Sjå brosjyren vår](#)